



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske kommunestyre		
Giske formannskap	11.11.2024	120/24
Livsløpsutvalet	07.11.2024	052/24
Teknisk utval	07.11.2024	068/24
Giske eldreråd	18.11.2024	021/24
Partsamansett utval	11.11.2024	005/24
Råd for menneske med funksjonsnedsetting	21.11.2024	022/24
Giske ungdomsråd	19.11.2024	023/24

Handlings- og økonomiplan 2025 - 2028

Innstilling:

1. Giske kommunestyre godkjenner økonomiplanen for 2025 – 2028 inkludert årsbudsjettet for 2025

- Driftsbudsjettet for 2025 vert godkjent med ei samla netto ramme til fordeling drift på kr 631 884 912.
- Investeringsbudsjettet for 2025 vert godkjent med sum investeringutgifter på kr 202 018 500.
- Kommune sine skatter for 2025 skal skrivast ut etter dei høgast lovlege satsar.

2. Giske kommunestyre godkjenner at det i 2025 vert tatt opp rammelån på inntil kr 159 500 200 til investeringar og inntil kr 12 000 000 i Husbanken til vidare utlån. Giske kommunestyre vedtek at avdrag på kommunen si lånegjeld i 2025 skal innbetalast med berekna minimumsavdrag jfr. Kommunelova § 14-18.

3. Giske kommunestyre godkjenner trekkrett med ei ramme på intill 75 mill.kr

4. Giske kommunestyre gir: Giske formannskap fullmakt til å gjere endringar i investeringsbudsjettet mellom prosjekt og rammeområde innanfor den samla investeringsramma som er vedteke ovanfor.

5. Giske kommunestyre godkjenner å ta imot 25 nye flyktningar i 2025

6. I Giske kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å fordele lønsauke for 2025 avset i ramme 3 fellesutgifter/fellesinntekter til dei øvrige rammeområda.

7. Eigedomsskatt: I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2025:

- a. Faste eigedomar i heile kommunen
- b. Verk og bruk: Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med ein sjuandedel i 2023 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt. frå 2019 - 2025).
- c. Eigedomsskattesatsen er 4%. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar
- d. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt skal kommunen nytte skattevedtekter for Giske kommune som blir utarbeidd av den valde skattetakstnemnda.
- e. Prinsipp og retningslinjer for taksering og framlegg til typar bygningar som skal fritakast av eigedomsskatt i Giske kommune går fram av reglar som er utarbeidd av den valde sakkunnige nemnda

11.11.2024 Partsamansett utval

Kommentarar frå tillitsvalde:

Styrke det allmennpedagogiske - ser vi dette igjen i rammene?

Rekruttere og behalde tilsette i barnehagane framleis utfordrande.

Bibliotek og læremiddel i skulane - ønskar meir variasjon.

Bibliotek - stimulere til leselyst i både barnehage og skular, ønskeleg med ekstraressurs bibliotekar

Flyktningmidlar - kor mykje av midlane går til barnehage og skule mtp til dømes språkopplæring.

SFO - korleis få ned kostnadane.

Base spes.ped - bekymringar rundt lokasjon på Valderøy barneskule.

Praktiske fag i skulen - trengs betre fasilitetar til t.d. skulekjøkken.

Auka grunnbemanning for å få ned kostnadar ved sjukefråver.

Kva skjer med auka rammemidlar i statsbudsjett som ikkje er øyremærka.

Bruk av vikarbyrå i helse, tilgong på helsepersonell, langvakter og anna turnusarbeid.

PA - 005/24 Vedtak:

Partsamansett utval tek saka til vitande.

11.11.2024 Giske formannskap

Forslag frå Kenneth Langvatn (H): "*Gebyrsatsar*

- *Ved fastsetting av årleg vass- og avlaupsgebyr skal Samfunnshus definerast som nærings- og kombinasjonseigedom kategori 1, uavhengig storleik.*
- *Byggje- og delesaksgebyr til ideelle organisasjonar innan kultur og idrett settast til 50 % av normalsatsane."*

Forslaget vart samrøystes godkjend.

2 forslag frå Olav Sindre Roald (TLG):

"Renovering av omsorgsbustader blir utsett til sentrumsplan er vedteken. 1;250 mill blir sett av i 2025." Samrøystes godkjend.

"Områdeplan Roald blir prioritert i investeringsbudsjett 2025 med 1,5 mill." Samrøystes godkjend.

2 forslag frå Geir Arne Dyb (FrP):

"Oppgradering av kjøkkenet på Giske omsorgsenter vert skjøve fram med start i 2026." Samrøystes godkjend.

Merknad frå kommunedirektør om auke i rammetilskot ihht. tilleggsproposisjon til Statsbudsjettet for 2025 kr 7 119 000. Er ikkje innarbeid i kommunedirektøren sit forslag til vedtak og kan leggst inn av Formannskapet.

"Eigedomsskatten for 2025 vert satt til 3 o/oo. Inndekning ved auke i rammetilskot, jf. merknad frå kommunedirektør." Samrøystes godkjend.

Marit G. Alnes (KrF): Verbalforslag utan finansieringsløyning:

Ferdigstille regulering av gangveg frå Bedehuset til Hjallismarka. Samrøystes godkjend

Fullføre gangveg frå Geilevika til krysset ved Godøy Bedehus. Samrøystes godkjend

Ferdigstille regulering av gangveg frå Reset og til Gøylaskiftet. Godkjend med 6 mot 1 røyst (H).

Verbalforslag frå Kenneth Langvatn (H):

Det forutsettast at samordning av fagressursar og andre personalressursar i helse og omsorg blir gjort der dette er mogleg innanfor einingane.

Forslaget vart samrøystes godkjend.

Forslag frå Marit G. Alnes (KrF): Sette av budsjettmidlar kr. 300.000,- til eigenandel til søknader som krev egenandel. Dette gjelder tiltak for barn og unge og eldre gjennom Frivillingsentralen. Inndekning frå disposisjonsfondet. Samrøystes godkjend.

Forslag frå Kenneth Langvatn (H): Løyving til Formannskapet sin disposisjon på kr 150.000,-. Inndekning frå disposisjonsfondet. Samrøystes godkjend

Forslag frå Marit Vik (V): Auke ramma med formidlingslån frå 12 til 20 mill frå Husbanken. Godkjend 5 mot 2 (TLG og H).

Innstillinga med valgte endringsforslag vart samrøystes godkjend. Beløpa er innarbeidde i vedtaket.

F - 120/24 Vedtak:

1. Giske kommunestyre godkjenner økonomiplanen for 2025 – 2028 inkludert årsbudsjettet for 2025

- Driftsbudsjettet for 2025 vert godkjent med ei samla netto ramme til fordeling drift på kr 632 334 912.

- Investeringsbudsjettet for 2025 vert godkjent med sum investeringutgifter på kr 195 643 500.
- Kommune sine skatter for 2025 skal skrivast ut etter dei høgast lovlege satsar.

2. Giske kommunestyre godkjenner at det i 2025 vert tatt opp rammelån på inntil kr 156 300 200 til investeringar og inntil kr 20 000 000 i Husbanken til vidare utlån. Giske kommunestyre vedtek at avdrag på kommunen si lånegjeld i 2025 skal innbetalast med berekna minimumsavdrag jfr. Kommuneleova § 14-18.

3. Giske kommunestyre godkjenner trekkrett med ei ramme på intill 75 mill.kr

4. Giske kommunestyre gir: Giske formannskap fullmakt til å gjere endringar i investeringsbudsjettet mellom prosjekt og rammeområde innanfor den samla investeringsramma som er vedteke ovanfor.

5. Giske kommunestyre godkjenner å ta imot 25 nye flyktningar i 2025

6. Giske kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å fordele lønsauke for 2025 avsett i ramme 3 fellesutgifter/fellesinntekter til dei øvrige rammeområda.

7. Eigedomsskatt: I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2025:

- a. Faste eigedomar i heile kommunen
- b. Verk og bruk: Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med ein sjuandedel i 2023 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt. frå 2019 - 2025).
- c. Eigedomsskattesatsen er 3‰. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar
- d. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt skal kommunen nytte skattevedtekter for Giske kommune som blir utarbeidd av den valde skattetakstnemnda.
- e. Prinsipp og retningslinjer for taksering og framlegg til typar bygningar som skal fritakast av eigedomsskatt i Giske kommune går fram av reglar som er utarbeidd av den valde sakkunnige nemnda

Vedtak som er innarbeidd i punkta over:

Sette av budsjettmidlar kr. 300.000,- til eigenandel til søknader som krev egenandel. Dette gjelder tiltak for barn og unge og eldre gjennom Frivillingsentralen. Inndekning frå disposisjonsfondet.

Løyving til Formannskapet sin disposisjon på kr 150.000,-. Inndekning frå disposisjonsfondet. Eigedomsskatten for 2025 vert satt til 3 ‰. Inndekning ved auke i rammetilskot, jf. tilleggsproposisjon for statsbudsjettet 2025.

Renovering av omsorgsbustader blir utsett til sentrumsplan er vedteken. 1;250 mill blir sett av i 2025.

Områdeplan Roald blir prioritert i investeringsbudsjett 2025 med 1,5 mill.

Oppgradering av kjøkkenet på Giske omsorgsenter vert skjøve fram med start i 2026.

Verbalforslag:

Ferdigstille regulering av gangveg frå Bedehuset til Hjallismarka.

Fullføre gangveg frå Geilevika til krysset ved Godøy Bedehus.

Ferdigstille regulering av gangveg frå Reset og til Gøylaskiftet.

Det forutsettest at samordning av fagressursar og andre personaressursar i helse og omsorg blir gjort der dette er mogleg innanfor einingane.

07.11.2024 Teknisk utval

Fellesforslag: Teknisk utval tek saka til vitande.

TU - 068/24 Vedtak:

Teknisk utval tek saka til vitande.

07.11.2024 Livsløpsutvalet

Tilråding frå Livsløpsutvalet:

1. Auke ramma med formidlingslån frå 12 til 20 mill frå Husbanken. FrP, V, SP, KrF, AP, H, TLG.
2. Sette av en pott kr. 300.000,- til eigenandel til søknader som krev egenandel. Dette gjelder tiltak for barn og unge og eldre gjennom Frivillingsentralen. KrF
3. Eiendomsskatt: Vi signaliserer at målsettinga er å halde eigedomsskatten på 3 promille. V, SP, KrF, AP, H, TLG.
4. FrP ønsker å redusere eigedomsskatten til 2,75 promille. FrP
5. Ekstra tilførsel i statsbudsjettet til kommunen i 2025 kr 7,119 mill kan gå til dekking av ei vidareføring av 3 promille i eigedomsskatt. FrP, V, SP, KrF, AP, H, TLG.
6. Formannskapet finn inndekking for resterande beløp, men ikkje frå ramme 4,5,6,7. FrP, V, SP, KrF, AP, H, TLG.

Livsløpsutvalet tek innstillinga til kommunedirektøren til vitande, med følgjande tilrådingar.

LU - 052/24 Vedtak:

Livsløpsutvalet tek innstillinga til kommunedirektøren til vitande, med følgjande tilrådingar.

1. Auke ramma med formidlingslån frå 12 til 20 mill frå Husbanken.
2. Sette av en pott kr. 300.000,- til eigenandel til søknader som krev egenandel. Dette gjelder tiltak for barn og unge og eldre gjennom Frivillingsentralen.
3. Eiendomsskatt: Vi signaliserer at målsettinga er å halde eigedomsskatten på 3 promille.
4. FrP ønsker å redusere eigedomsskatten til 2,75 promille.
5. Ekstra tilførsel i statsbudsjettet til kommunen i 2025 kr 7,119 mill kan gå til dekking av ei vidareføring av 3 promille i eigedomsskatt.
6. Formannskapet finn inndekking for resterande beløp, men ikkje frå ramme 4,5,6,7.

Innleiing:

Handlings- og Økonomiplan 2025 – 2028 med forpliktande plan ligg føre i digitalt dokument som ein finn ved å følgje denne lenka:

[Handlings- og økonomiplan 2025 – 2028 - Giske Kommune](#)

Første år i planperioden er årsbudsjett for 2025, som vert presentert med ei netto ramme til fordeling drift i 2025 på kr 631 884 912.

Saksutgreiing:

Kommunen har i år teke i bruk nytt verktøy “Framsikt”, for heilskapeleg verksemdsstyring, og har gjennom dette starta ein prosess for å skape ein tett samanheng mellom kommuneplanen sin samfunnsdel, handlings- og økonomiplan og til årsrapporten. Dette er ein prosess som vil gå over tid og vere i utvikling dei komande åra.

Administrasjonen har stort sett brukt same arbeidsmetode som tidlegare. Einingsleiarane har ansvar for å samle inn grunnleggjande data og sikre at utfordringar i drifta er kjende og drøfta med tillitsvalde. Budsjettet for 2024 er brukt som grunnlag for rammene. Det har ikkje vore grunnlag for store auke i rammene og einingane har difor måtte legge innsparingstiltak direkte i budsjettet utan at det kjem fram som eige tiltak. Å få eit budsjett i balanse har også i år vore svært krevjande. Konsekvensane av dette kjem fram av kommentarane til det enkelte rammeområdet.

Kommunedirektøren har ansvar for å drøfte den endelege planen med hovudtillitsvalde og saman med ordføraren sørge for at planen vert drøfta i partssamansett utval før kommunestyret får den til endeleg behandling.

Gebyr og betalingssatsar for 2025 er no ein del av handlings- og økonomiplanen og kjem fram som eige punkt “gebyrliste” i dokumentet. Satsane er brukt som grunnlag ved utarbeiding av handlings- og økonomiplanen.

Heimelsgrunnlaget:

Kommunelova kapittel 14 omhandlar økonomiplan og årsbudsjett. Lova stiller krav til at både årsbudsjett og økonomiplan skal vere i balanse, for kvart år i perioden. Viktige punkt er tatt inn i plandokumentet, og vert ikkje referert her<list opp kva lovverk som vert lagt til grunn for saksbehandling>

Vurdering:

Kommunen har store økonomiske utfordringar då driftskostnadene har vore for høge i fleire år. For å balansere budsjettet er kommunen avhengig av ekstra inntekter som eigedomsskatt og avkastning frå kraftfondet, og har lite reserver å bruke. Det er altså ein ubalanse mellom inntektene og ønskja nivå på tenestene.

Aukande inflasjon, høgere styringsrente og auka renter og avdrag på grunn av store investeringar fører til auka kostnader som må dekkast av eit allereie stramt budsjett. Dette betyr at kommunen må fortsette å omstille drifta. Forslag til tiltak for å balansere budsjettet viser at det vil bli nødvendig med både omlegging og reduksjon i tenestene. Samstundes er det aukande behov for tenester innan omsorg og oppvekst.

I planperioden er det lagt opp til at drifta skal tilpassast dei økonomiske rammene. Utvikling av tenester gjennom digitale og teknologiske løysingar vil framleis vere viktige for å gi

kommunen større økonomisk handlingsrom. Strukturendringar og organisasjonsutvikling vil også vere nødvendige.

Kommunen har store investeringsbehov framover, og gjelda vil auke mykje dei næraste åra, noko som ikkje er i tråd med kommunen sine økonomiske handlingsreglar.

Kommunedirektøren anbefaler derfor å vurdere strukturendringar for å redusere eller utsette store investeringar for å unngå ytterlegare økonomisk press.

Etterspurnaden etter kommunale tenester vil auke i framtida, og samstundes som vi får fleire eldre, får vi færre yrkesaktive. Dette betyr at sjølv om kommunen får meir inntekter i framtida, vil det ikkje vere nok yrkesaktive til å tilby same tenester som i dag. Giske kommune må derfor utvikle eit tenestetilbod som møter innbyggjarane sine behov i dag, og samstundes er tilpassa den komande auken i helse- og omsorgstenester utan å bruke meir pengar.

For fleire detaljer syner ein til det elektroniske budsjettdokumentet.

Økonomiske konsekvensar:

Økonomiplanen for perioden 2025 – 2028 er gjort opp i balanse. Den vil vere svært krevjande og medføre ei endring av tenestenivået. Det er ikkje sett av til disposisjonsfond i 2025. Kommuna sitt måltal er at disposisjonsfondet skal vere 5-10 % av brutto driftsinntekter. Det er ei stor utfordring at det ikkje er rom for å starte oppbygging av eit reelt disposisjonsfond, og at ein ikkje klarer å nå målsetjinga til kommunen og anbefalingane frå Teknisk beregningsutvalg, om at netto driftsresultat skal vere 1,75 % av brutto inntekter per år.

Tilknyting til kommuneplan:

<Samfunnsdel>

<Arealdele>

<Anna planverk, t.d. temaplanar>

FN sine berekraftsmål:

SYMBOL	TITTEL	DENNE SAKA SI TILKNYTING
	ARBEID OG ØKONOMISK VEKST	x
	BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN	x
	FRED, RETTFERD OG VELFUNDERANDE INSTITUSJONAR	x
	SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA	x

Kommunedirektøren sin konklusjon:

Kommunedirektøren legg saka fram utan ytterlegare kommentarer og tilrår at budsjett for 2025 og handlings og økonomiplanen for åra 2026 - 2028 godkjent slik det kjem fram av instillinga.